



STRYN KOMMUNE

Vestland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
5008 BERGEN

Vår ref:

18/322-12/ FA-U03 INH

Dykkar ref.

5025e580-89d9-43e5-8dca-
80f00ce4ba10

Dato:

15.05.2020

Dalheim/Singerheimen - Vedtak i Stryn kommunestyre

Kommunestyret- 061/20, har i møte 14.05.2020 fatta følgjande vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Helsing

Ingrid Heieren
avd.leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Arlen Bidne

Adresse

Tonningsgata 4, 6783 STRYN

Telefon

57 87 47 00

Org. nr

963 989 202

E-post

postmottak@stryn.kommune.no

Internett

www.stryn.kommune.no



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/20	Skule- og kulturutval	23.04.2020
069/20	Formannskapet	07.05.2020
061/20	Kommunestyret	14.05.2020

Forslag om freding av Dalheim/Singerheimen

Bakgrunn for saka:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune sendte ut forslag til freding av eigedomen Dalheim gb. 86/27 i Stryn kommune i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19, 20. desember 2019. Forslag om freding har vore på høyring/offentleg ettersyn i tida 20. desember 2019 til 20. februar 2020. I følgje sakshandsamingsreglane for fredingssaker (kulturminnelova § 22) skal forslag om freding handsamast i kommunestyret etter at det har vore på høyring.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om kulturminne §§ 15 og 19

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlegg i saka:

Forslag om freding av Dalheim/Singerheimen - handsaming i kommunestyret	1451514
Forslag om freding av Dalheim_Singerheimen.pdf	1451515
Forslag om freding av Dalheim_Singerheimen - liste over gjenstandar som er omfatta av forslag om freding.pdf	1451516
Dokumentasjonsvedlegg.pdf	1451517
Styrets uttalelse ifm. framlegg om fredning.pdf	1451518
2020 02 10 Musea i Sogn og Fjordane, merknadar til fredingsforslag av Singerheimen.pdf	1451519
20-02-19.fråsegn-freding.pdf	1451520
Oppsummering av innkomne merknadar til forslag om freding og fylkeskommunen sine kommentarar til desse.pdf	1451521
Notat frå folkemøte og e-post sendt i etterkant av folkemøte.pdf	1451522
e-post frå Hans-Petter Galtung.pdf	1451523
Vedlegg til e-post frå Hans-Petter Galtung.pdf	1451524

Saksopplysningar:

20.05.19 sendte Sogn og Fjordane Fylkeskommune ut varsel om oppstart av fredingssak for Dalheim – Singerheimen, gb.nr. 86/27. Forslag om freding med heimel i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kml) §§ 15 og 19, jf. § 22. Varsel vart sendt i brev til Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde, og kunngjort i avisene Fjordingen og Fjordabladet, og heimesidene til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Stryn kommune. Eigar av Dalheim/Singerheimen er Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde.

Forslaget om freding omfattar alle bygningane på Dalheim/Singerheimen, eksteriør og interiør, samt laust interiør spesifisert i eiga liste, og området som følgjer eigedomsgransene til gb.nr 86/27.

Føremålet med fredinga er å bevare Dalheim som eit bygningshistorisk, arkitekturhistorisk og kulturhistorisk viktig eksempel frå første halvdel av 1900-talet på mellom anna overklassen sine bygningar med norsk/amerikansk arkitektur og byggeskikk, heimen til kunst- og antikvitetsamlarar, kunnskap om arbeids- og butilhøva til dei tilsette ved ein overklasseheim, bu- og arbeidsstad til kunstmålar William H. Singer jr., og bustaden til eksteparet Singer knytt til det store samfunnsengasjementet deira.

I tillegg til føresegnar for kulturminnelova om vedtaksfreda kulturminner frå nyare tid, er det utforma fredingsføresenger i samsvar med fredinga sitt føremål. Dei gjeld i tillegg, og er klare retningslinjer for bevaring og vedlikehald av bygningane med bla materialbruk og metodar, og avgrensingar i forhold til å gjere endringar på bygningar, inventar og området. Det er eigar som har ansvar (økonomi/drift) for det løpande vedlikehaldet. Eigar har anledning til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeid. Alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald må det søkjast løyve/dispensasjon for å setje i gong med.

Fredingsforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn 20.12.19, i Stryn kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, med ein frist på 8 veker til å kome med uttale. I medhald av kml. § 22 nr. 3 skal forslaget, saman med innkomne merknadar, leggast fram for kommunestyret før vedtak om freding vert fatta.

Det kom inn tre merknadar i høyringa av framlegg til freding:

1. Styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde, 7. februar 2020
2. Musea i Sogn og Fjordane (MISF), 17. februar 2020
3. Kontaktgruppa for Singerheimen, 19. februar 2020

Vestland fylkeskommune har kommentert merknadane, og dei ligg som vedlegg i saka.

Felles for merknadane er at dei er positive til freding av Singerheimen/Dalheim, og det er ønskeleg med fokus på betre formidling og bevaring av dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen. Museal drift, under MISF, vert trekt fram som eit ønske. Fylkeskommunen har i framlegg om freding teke med vurderingar knytt til både museal bruk og anna bruk, men framtidig bruk er enno ikkje avklart.

I fylkeskommunen sitt forslag om freding er det nokre rom i villaen som fredinga ikkje omfattar. Det er gjort slik for at eigar skal ha fleksibilitet i bruk. Nybygg i tunet vil vere eit framandelement, men ved å bygge opp kopi av tidlegare bygningar i tunet, utan at dei kulturhistoriske verdiane vert forringa, vil det vere mogleg å få nybygg og innrede med fasilitetar knytt til drift. Mindre endringar kan handsamast som dispensasjon frå vedtak om freding.

Vurdering:

Stryn kommune er samd i fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27. Anlegget på Dalheim vert vurdert til å vere eit unikt kulturminne av nasjonal

interesse, og det er viktig å sikre at dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen vert bevart for ettertida, slik ei freding i medhald til kml. § 15 vil gjere. Heile eigedomen er føreslått freda i medhald av kml. § 19, då det er viktig at landskapet og dei nære omgjevnadane til anlegget vert bevart slik det er i dag.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Skule- og kulturutval 23.04.2020:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

SK- 018/20 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Formannskapet 07.05.2020:

Handsaming:

Skule og kulturutvalet sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 069/20 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Kommunestyret 14.05.2020:

Handsaming:

Spørsmål frå Inge Fænn (H)

3 pkt

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 061/20 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

KOP1